



ÅRSMELDING

Auklandshamn bygdalag

Slettene / Lambevågen

Lørdag 2.mai hadde me familiedag på Slettene med våropprydding og grilling. Dette blei ein flott dag for både store og små.

Her blei det i tillegg til søppelplukking, rydda skog, og laga betre gangveg til ytre stranda.

Bygdalaget samarbeider med Friluftsrådet Vest, og dei har bidratt med midlar til våroppryddinga. Friluftsrådet har laga hengebruer, og har lova å montere desse i løpet av våren. Me håpar dei er klar til sommarsesongen startar. Bruene skal gjera det enklare å ta seg fram langs sjølinja i Lambevågen. Me har også bestilt eit rasteplassbord, som skal stå på holmen. Dette blir satt på plass når snøen forsvinn.

Bygdalaget har søkt om spelemidlar gjennom kommunen til utbetring av stien ned til Lambevågen. Målet er å lage ein gangveg med grus ca 1,5 meter brei, som skal drenerast. Her kan vera svært glatt og farleg å gå når det er vått. Målet er at det då vil bli muleg å komme seg ned med barnevogn.

Strand ved Langavatnet

Bygdalaget, **Auklandshamn idrettslag** og **A/L Granlund** har i saman fått tilbod om å disponera eit område ved Langavatnet, samt opparbeiding av ei badestrand. Dette er det **Inge Olsen** som står bak. **Nils G Staupe** har gjort eit bra arbeid med opparbeiding av området, og det er laga steinmurar langs bekken på begge sider.

Me arrangerte tre dagar med dugnad i april/mai der me plukka stein og sådde i grasfrø. Det blei ein svært tørr vår/forsommar, som førte til at grasplenen ikkje vart klar til badesesongen. Men det såg ikkje ut til at dette la nokon stoppar for bruken av stranda. Det har vore mange å bada her i løpet av sommaren, og dette er ein flott og populær plass med fin sandstrand.

Lars Staupe AS har sagt seg villig til å sponse oss med ei bord/benk gruppe i stein + stor stein til bru over bekken. I tillegg har me bestilt eit rasteplassbord i tre som skal setjast her til våren. Her er vidare planer/vyer om ny flytebrygge, badeflåte med stige, eventuelt stupetårn, disponible kanoar + leikeområde for barna. Me har søkt om midlar frå Gjensidigefondet (negativt), kommunen og næringsliv/private.

Grasrotandelen

Bygdalaget har sendt ut lappar i postkassane + informert på nettsida om muligheita for å registrere Auklandshamn bygdalag som mottakar av Grasrotandelen. Bygdalaget mottok kr. 6 336 frå Grasrotandelen i 2009.

T-skjorter og babybodyar

Utdeling av Auklandshamn-bodyar til nyfødde i bygda.

Utdeling av Auklandshamn t-skjorter til nyinnflytta.

Sal av Auklandshamn t-skjorter:

Me vil forsøka å endre noko på størrelsen og plasseringa av Auklandshamn-logoen neste gong me bestiller nye t-skjorter.

Auklandshamn Ferieklubb

Bygdalaget arrangerte også i år, i samarbeid med Kjersti Jøsok, ferieklubb for barn 1.-10 klasse i juli-august. Det var tilbod om ulike aktivitetar som krabbefisking, aktivitetsdag, kino, bading i symjehall, fotball, bowling og putball.

Me rettar ein stor takk til frivillige og foreldre som stilte opp slik at me klarte å gjennomføre dette. Det var eit populært tilbod, og me fekk gode tilbakemeldingar både frå barna, foreldra, fastbuande og hyttefolk.

Nettsida

Me oppfordrar alle til å bruke nettsida vår: www.auklandshamn.com

Aktivitetskalenderen som er lagt inn på nettsida er blitt utarbeida i samarbeid mellom idrettslaget og Granlund A/L. Aktivitetskalenderen kan brukast for å finne dato for arrangement og aktivitetar som skjer i Auklandshamn.

Det er mogleg for alle lag og organisasjonar i bygda å få eige brukarnavn på kalenderen som gjev tilgang til å leggja inn relevant informasjon om aktivitetar og arrangement.

Det er også eit ynskje om å få inn vakre bilete frå bygda som kan nyttast som "reklame" på nettsida. Me oppfordrar alle til å senda inn bidrag til dette.

Veglys

Bygdalaget har søkt kommunen om veglys, og me har hatt møte med kommunen og Haugaland kraft. Auklandshamn har nå fått pengar frå kommunen + at FAU har gått inn med 50 000,-

Det blir veglys frå Øklandsnes og rundt "nullen". Det er 29 lys som skal monterast nå i løpet av våren. Me vil fortsette å jobbe for fleire lys i tida som kjem.

Busstur ved busshaldeplassen ved skulen

Me har vore i kontakt med kommunen, og har klart å skaffa eit busstur som skal plasserast på busshaldeplassen ved skulen. Dette har vore eit stort ønskje lenge, for her står elevane i all slags vær å venter på drosje/ buss kvar dag når dei skal heim eller på SFO. Bussturet skal setjast opp snarast, når snøen forsvinn. Det vil være behov for å støype eit fundament/platting som bussturet skal stå på + at me må skaffe transport frå Ekrene til Auklandshamn.

Tennisbanen

Me ønskjer å oppgrada tennisbanen ved byggefeltet på Stølen. Me vil forsøke å skaffa sponsorar som kan være med å dekke nødvendige investeringar. I tillegg kjem det til å bli dugnad for å montere gjerder o.l

Julegrantenning

I samarbeid med Filadelfia, AIL og korpset blei det arrangert julegrantenning 1.søndag i advent.

Nyttårsafta

Bygdalaget arrangerte oppskyting av fyrverkeri etter fakkeltøget. Det var godt oppmøte i fakkeltøget, og det var kjekt for barna med felles oppskyting av fyrverkeri på skuleplassen kl 18.

Fellesmøte med Bua bygdalag

Me har kalla inn Bua bygdalag til eit samarbeidsmøte, men dette er ikkje gjennomført enda.

Målet er å få til eit tettare samarbeid med Bua-krinsen. På den måten kan me kanskje få styrka skulen vår, og Bua får styrka barnehagen / SFO.

I den samanheng vil me foreslå at dei 2 bygdalagene samla kan gå ut og uttale eit ønskje om at:

- Auklandshamn skule bør være barneskule for begge krinsane
- Bua barnehage og SFO ha tilsvarande funksjon innanfor sitt område
- Ungdomsskuleelevane frå begge krinsane nyttar Sveio skule på ungdomssteget.

I tillegg ønskjer me å kjempa saman om ein snarleg utbetring av vegen mellom Bua og Sveio, og fiberutbygging til bygdene. Me vil også prøve å få til eit tettare samarbeid om fritidsaktivitetar og andre arrangement i bygdene.

50-årsjubileum, Eikeland kapell

Bygdalaget har påtatt seg jobben med å male om den blå veggen inne i kapellet. Dette skal gjerast i løpet av uke 24, 2010. Dette er en del av oppussinga som skal utføres ifbm 50-årsjubileet for kapellet. Frivillige som vil være med på denne jobben kan ta kontakt med noen i styret i bygdalaget.

Styremøter

Styret i bygdalaget har hatt 4 styremøter etter førre årsmøte.

Styret i Auklandshamn Bygdalag

v/Nancy Helgesen

